



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 27.01.2016

---

**Sak nr.:** 15/12311-10

**Internt l.nr.:** 3581/16

**Sak:** 4/16

**Tittel:** **Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge fire minikraftverk i det verna Guddalsvassdraget i Fjaler kommune**

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Samla vurdering
  - A. I tråd med nasjonale retningslinjer er føresetnaden for å kunne gje løyve til kraftutbygging i verna vassdrag, at verneverdiane ikkje vert dårlegare, herunder at vassdraget også etter ev. utbygging har ei variert og romsleg vassføring. Fylkeskommunen meiner at dette er oppfylt for dei omsøkte prosjekta i Yndestadhølen, Tjøredalselva og Lønnebotn, men at prosjektet i Øyrafossen er basert på ei for stor slukeeve. For at det skal kunne gjevast løyve til dette siste må slukeevna for Øyrafossen kraftverk reduserast.
  - B. Fylkeskommunen vurderer verneverdiane i vassdraget sine øvre deler inkl. Sørebøfossen til å vere særleg viktige. Alle dei fire prosjekta er lokalisert i midtre deler av vassdraget der det frå før er jord- og skogbruksaktivitet, busetnad og infrastruktur som vegar og kraftlinjer. Med tanke på friluftsliv og landskap vurderer fylkeskommunen desse områda til å vere noko mindre viktige enn dei høgareliggande områda, og at dei fire vasskraftprosjekta vil innebere små til moderate ulemper.
  - C. I tillegg til krav om redusert slukeevne for prosjektet i Øyrafossen meiner fylkeskommunen at ei utbygging i Tjøredalselva med Svartefossen primært bør baserast på alt. 2 og at rørgata langs Yndestadelva bør leggest slik at elvekanten vert minst mogeleg påverka.
  - D. Om og når løyve vert gitt, skal krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 settast som konsesjonsvilkår.
2. Lønnebotn kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve.
3. Øyrafossen kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at slukeevna i kraftverket vert redusert.
4. Yndestadhølen kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er lagt til grunn at rørgata kan leggest eit stykke frå elva, slik at elvekanten med fjell og store steinar ikkje vert endra.
5. Tjøredalselva kraftverk

Fordelane ved tiltaket er vurdert til å vere større enn ulempene, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve, primært i tråd med alternativ 2.

